

## Innsamling av personopplysningar og roller ved databehandling

### Bakgrunn

I samband med gjennomføring av forvaltningsrevisjon av NDLA og bruk av spørjeundersøking har dagleg leiar i NDLA stilt spørsmål om korleis data skal behandlast. Kontrollutvalet har bedt Deloitte gjere greie for dette i eit svar til NDLA.

### Bruk av spørjeundersøking og innsamling av personopplysningar

I samband med forvaltningsrevisjonsprosjekt i kommunar/fylkeskommunar gjennomfører Deloitte ulike undersøkingar og samlar inn ulike data for å svare på dei problemstillingane kontrollutvalet har bestilt.

Dette gjer vi med utgangspunkt i dei føresegna som følgjer av kommunelova § 78, 6., der det går fram at revisjonen kan «uten hinder av taushetsplikt, kreve enhver opplysning, redegjørelse eller ethvert dokument og foreta de undersøkelser som det finner nødvendig for å gjennomføre» aktuell forvaltningsrevisjon.

Som ein del av forvaltningsrevisjonen av NDLA II, har Deloitte for å kunne svare på problemstillingane i prosjektet sendt ut ei spørjeundersøking til medarbeidarar i NDLA. Deloitte vil peike på at spørjeundersøkinga som er gjennomført i samband med forvaltningsrevisjon av NDLA II, ikkje har som føremål å samle inn personopplysningar, under dette heller ikkje sensitive personopplysningar. I undersøkinga er det ikkje inkludert spørsmål/variablar som kan brukast til å identifisere medarbeidarar i NDLA. Vidare har Deloitte også nytta skjult identitet i datainnsamlingsverktøyet (Questback), og Deloitte har ingen moglegheit til å kople innsamla data til den enkelte respondent. Dette er det også informert om i eigen e-post til alle dei som har motteke undersøkinga.

I undersøkinga er det inkludert opne svarfelt, der respondentar kan legge inn svar i form av fritekst. Opne svarfelt vil i utgangspunktet gi alle respondentar i alle typar undersøkingar moglegheit til å leggje inn personopplysningar. Dette vil også kunne inkludere sensitive personopplysningar. I undersøkinga Deloitte har gjennomført, har vi imidlertid eksplisitt opplyst om at respondentane i opne svarfelt *ikkje* legg inn personidentifiserande opplysningar eller informasjon som til dømes namn, stillingstitlar o.l.

I personopplysningslova § 33, 1. ledd, går det fram at det *ikkje* krevjast konsesjon for behandling av sensitive personopplysningar som er gitt *utan oppfordring*. Dette er også omtala på Datatilsynet sine nettsider, der det står at sensitive opplysningar som er gitt uoppfordra er unnateke konsesjonsplikt så lenge systemet eller situasjonen ikkje legg opp til at opplysningane skal bli gjevne. Uavhengig av dette har Datatilsynet uttalt at arbeid med forvaltningsrevisjon er unnateke frå reglane om konsesjonsplikt i Pol § 33 fjerde ledd<sup>1</sup>.

### Rollefordeling i databehandlersituasjonar

Ettersom Deloitte gjennom spørjeundersøkingar og anna arbeid i forvaltningsrevisjonar kan kome til å handsame personopplysningar har vi etablert rutinar for inngåing av databehandlaravtalar og melding til Datatilsynet.

---

<sup>1</sup> Jf. brev fra Datatilsynet til NKRF datert 29. juli 2011.

Når vi gjennomfører revisjon er det vi som revisor som er fagleg ansvarleg for arbeidet som blir gjort og som skal sørge for at revisjonen blir gjennomført i samsvar med faglege standardar m.m. Kontrollutvalet avgjer kva tema som skal reviderast og revisjonen kjem med forslag til problemstillingar og kva metodar og verktøy som kan nyttast for å svare best på det som kontrollutvalet ønskjer svar på. Det vil difor også vere revisjonen som har kunnskap om det skal samlast inn personopplysningar eller ikkje, og kva formålet med dette vil vere. Desse forholda tilseier at Deloitte innehar rolla som behandlingsansvarlig og ikkje databehandlar, jf. føresegn i personopplysningslova § 2 første ledd nr. 4 og 5.

Deloitte si forståing av rollefordeling og ansvars plassering ved gjennomføring av forvaltningsrevisjon er i samsvar med det som står i revidert rettleiar for forvaltningsrevisjon frå Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) frå 2016. I kapittel 17 blir det mellom anna diskutert både kva ansvar revisor har og kva omsyn revisor må ta til krav i personopplysningslova.

I rettleiaren frå NKRF går det fram at mange forvaltningsrevisjonar vil kunne omfatta behandling av personopplysningar og at *revisjonseininga ved dagleg leiar vil vere behandlingsansvarleg*. Revisjonseininga har då ansvar for å melde behandling av personopplysningar til Datatilsynet, under dette også ev. behandling av sensitive personopplysningar. Sensitive personopplysningar som blir behandla i arbeid med forvaltningsrevisjon er ifølge rettleiar unnateke konsesjon, jf. brev frå Datatilsynet til NKRF datert 29. juli 2011. Behandlinga vil imidlertid være meldepliktig.

I rettleiar går det vidare fram at det ikkje er naudsynt å melde kvart enkelt forvaltningsrevisjonsprosjekt til Datatilsynet, men at det bør vere tilstrekkeleg om revisor som er behandlingsansvarleg registrerer ei melding om at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon i ein kommune/fylkeskommune kvart tredje år.

Deloitte har likevel vald å melde forvaltningsrevisjonen av NDLA II med gjennomføring av spørjeundersøking til Datatilsynet i ei eiga melding, for å sikre at behandling av ev. personopplysningar er meldt inn for dette spesifikke prosjektet. I tillegg har Deloitte meldt inn all forvaltningsrevisjonsaktivitet for våre klientkommunar/-fylkeskommunar til Datatilsynet.

Deloitte gjennomfører spørjeundersøkingar ved hjelp av Questback. Dermed blir Questback ein *databehandlar* for Deloitte. Som behandlingsansvarleg har Deloitte eit ansvar for å etablere ein databehandlaravtale mellom Deloitte og Questback, som regulerer Questback si behandling av personopplysningar på vegne av Deloitte, jf. personopplysningslova § 15..

Deloitte har inngått databehandlaravtale med Questback som vedlegg 6D1 til Overordnet Avtale mellom Deloitte og Questback. Gjeldande avtale mellom Deloitte og Questback er frå 10.06.2016. Denne regulerer også bruk av Questback i forvaltningsrevisjon av NDLA II.

### **Avslutning**

Deloitte er opptatt av å handtere alle opplysningar vi får tilgang til gjennom revisjonane våre på ein trygg og tillitsfull måte, og i samsvar med regelverk på området. Vi har etablert gode system og rutinar for informasjonstryggleik og vi har dedikerte personar (juristar) med personvern som fagfelt som bistår med å sikre at vi gjer dette arbeidet på ein god måte. Dette er eit område vi tek alvorleg og er ein del av det kvalitetssystemet som omfattar all vår revisjonsaktivitet.